

Fagnytt i nord



Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester
Troms
Buhcciidruovttuid ja ruoktob ivalusaid
ovddidanguovddás
Romssa



Senter for
omsorgsforskning
- nord

NR 1 - MARS 2018

Mitt livs ABC for tenesta til personar med utviklingshemming i Troms

Opplæringsprogrammet Velferdsteknologiens ABC tilbys til ansatte i Troms

Tom Kitwoods omsorgsfilosofi i VIPS praksismodel

Fagleg symposium for Professor emerita Torunn Hamran





Mitt livs ABC for tenesta til personar med utviklingshemming i Troms

USHT Troms har fått ansvar for ABC satsinga i Balsfjord, Karlsøy, Lyngen, Storfjord og Tromsø fram til 2020 – i samarbeid med Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse (NKAH). I 2018 vil USHT tilby opplæringsprogrammet Mitt livs ABC.

ABC-opplæringa er eit tiltak for kompetanseutvikling i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Opplæringa omfattar ABC-permar/studiemateriale på aktuelt fagområde, tverrfaglege ABC-grupper på arbeidsplassen og halvårlege fagseminar med undervisning. Kvar deltakar får tilsendt eit ABC-bevis frå NKAH for godkjent gjennomføring.

For å styrke kompetansen til ansatte som jobbar med tenester til personar med utviklingshemming, tilbyr USHT opplæringsprogrammet Mitt livs ABC i samarbeid med NKAH. Mitt livs ABC er forankra i Meld. St. 45 (2012–2013) «Frihet og likeverd – Om mennesker med utviklingshemming». Det er utarbeida av NKAH på oppdrag av Helsedirektoratet. Mitt livs ABC kan nyttast til kompetanseutvikling hjå alle yrkesgrupper som yter tenester til personar med utviklingshemming.

Målet med ABC-opplæringa er å bidra til betre livskvalitet, betre tenester og betre rettssikkerheit for personar med utviklingshemming. Studieprogrammet skal bidra til større bevisstgjerjing, betre fagleg skjønn og betre praksis hjå tenesteytarane.

Opplæringa er basert på å lese fagstoff i ein perm med 10 temahefter, drøfte det heftet som er lest i tverrfagleg saman-

sette refleksjonsgrupper og å delta på to seminar – eit ved oppstart og eit ca. halvveges i opplæringa. En opplæringsperiode er på ca. eit år. Det vil være mogeleg å ta fordjuping etter at perm 1 er gjennomført. Ein kan også ta Helsefagarbeidarutdanning med ABC til fagbrev.

Kommunane kan som vanleg søke «Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskudd» for ABC-deltakarane. Her kan de lese meir: <https://mittlivsabc.no/>



Marit Haugenes og Magnus Sten presenterte prosjektet «Slik vil jeg ha det!» på Vinterlyskonferansen 2018. Fotograf: E. Sausjord

Bli sertifisert kursholder i VIPS praksismodell!

Kurs i Tromsø 30. – 31. mai 2018 i regi av Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse.

USHT Troms betaler kursavgiften til to personer ansatt i kommunehelsetjenesten fra hver kommune i Troms. Målet med kurset er å lære opp helsepersonell med høyskoleutdanning, som arbeider innen kommunehelsetjenesten eller spesialisthelsetjenesten, til å bli sertifiserte kursholdere for Basiskurs i VIPS praksismodell.

Det vil bli gitt innføring i personsentrert omsorg, opplæring i roller og funksjoner i VIPS praksismodell, og hvordan gjennomføre Basiskurs i VIPS praksismodell for ansatte i kommunehelsetjenesten.

Kursholderkurset utgjør første og største del av kursholdersertifisering for VIPS praksismodell. Deltagerne får utdelt komplett undervisningsmateriell til basiskurset med opplegg, innspilte foredrag på minnepinne og refleksjonsspørsmål.

Det anbefales å lære opp to kursholdere som kan holde kurs sammen.

Informasjon og påmelding finner du her:

<https://butikk.aldringoghelse.no/2018/vpm-kursholderkurstromso30-31.mai-2018>



Deltagere på fagseminar i Nord-Troms.

Fotograf: E. Sausjord

Opplæringsprogrammet Velferdsteknologiens ABC tilbys til ansatte i Troms

Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT) Troms har fått i oppdrag fra Helsedirektoratet å spre Velferdsteknologiens ABC. Nå er 250 personer i Troms i gang med opplæringsprogrammet. Dette er personell og deres ledere i kommunal helse- og omsorgstjeneste, samt ansatte innenfor IKT/teknisk personell og vaktmestere.

USHT Troms har etablert et samarbeid med prosjektleder for prosjektet Helse- og velferdsteknologi Nord-Troms, representant for Interkommunal kvalitetsutviklingsenhet for helse- og omsorgstjenestene i Midt-Troms (Løkta), prosjektleder for Velferdsteknologiprogrammet Harstad kommune samt representanter fra Velferdsteknologiprogrammet i Tromsø kommune (2014 – 2016). I prosjektgruppa er det i tillegg brukerrepresentanter fra Eldrerådet, Tromsø kommune og Demensforeningen i Tromsø, Senter for omsorgsforskning, nord og KomUt Nord.

Opplæringsprogrammet er utviklet av KS i samarbeid med SINTEF og Høgskolen i Sørøst-Norge og består av fem studiehefter: a) Velferdsteknologiens ABC, b) Fra brukerbehov til nye løsninger, c) Lovverk og etikk, d) Utprøving og vurdering av bruk, e) Overgang til drift.

Programmet går over åtte måneder og er en kombinasjon av selvstudie, tverrfaglig sammensatte studiegrupper og tre fagseminarer hvor deltakerne møtes. Det ble arrangert et fagseminar ved oppstart, et midt i perioden og et fagseminar skal arrangeres ved avslutning. Fagseminarene gir informasjon om hvordan studietilbudet foregår, forelesninger om aktuelle temaer, og utprøving og demonstrasjon av ulike teknologi.

Fagseminarene arrangeres i Olderdalen for personell fra Nord-Troms, i Tromsø for personell i Tromsøregionen og på Finnsnes for personell i Midt- og Sør-Troms.

Den enkelte kommune/avdeling er ansvarlig for organisering av selvstudie og studiegruppene mens representanter fra Velferdsteknologiprogrammet Tromsø kommune og USHT Troms er ansvarlig for fagseminarene i samarbeid med våre samarbeidspartner i Nord-, Midt- og Sør-Troms.



Marit Blekastad, helsefaglig rådgiver, Kvæfjord kommune

Kirsti Hagen, fagsykepleier, USHT Troms

Tom Kitwoods omsorgsfilosofi i VIPS praksismodell

Personsentrert omsorg til personer med demens skal være ledelsesforankret, følges opp systematisk og gjennomføres planmessig av et kompetent personale (1).

VIPS praksismodell, VPM, er et redskap for systematisk implementering av personsentrert omsorg, og er en av flere modeller med formål om å yte personsentrert omsorg for personer med demens (2). VIPS er et akronym for hovedelementene i omsorgsfilosofien til den britiske sosialpsykologen Tom Kitwood (3).

De grunnleggende psykologiske behovene for kjærlighet, trøst, identitet, tilknytning, bli inkludert og å ha noe å gjøre forsvinner ikke når vi får en demenssykdom. En person med demens trenger mer hjelp og støtte enn tidligere for å få dekket disse behovene. Begrepet praksismodell blir brukt for å markere at VPM kopler sammen Kitwoods omsorgsfilosofi og det daglige praktiske arbeidet vårt, og VPM er en videreføring av Kitwoods arbeid (3, 4).

V-I-P-S

Bokstavene i V-I-P-S representerer de fire elementer som må være med for at omsorgen skal være personsentrert (4). I VIPS-rammeverket gis disse elementene seks indikatorer (hjelpespørsmål) hver. VPM bruker indikatorene til å stille de riktige spørsmålene når pleierne analyserer en situasjon (5, 6).

- Verdier forankret i organisasjonen – og en persons verdi er uavhengig av alder og kognitive ressurser
- Individuelt tilrettelagt omsorg
- Perspektivet til personen med demens tas hensyn til
- Sosialt miljø der personen med demens er en del av fellesskapet

Pleierne som er sammen med pasienten i det daglige har ansvar for at omsorgen de selv gir er personsentrert. Pleierne må ha kompetanse, de trenger støtte og mulighet for faglig utvikling og har derfor sentrale roller i VPM.

Fagmøtet

Navet i VPM er fagmøtet. I fagmøtet deltar alle pleierne sammen med avdelingsleder/nærmeste leder. Fagmøtet har en fast struktur der alle har faste roller.

I VPM heter rollen som møteleder ressursperson (RP). Dette skal være en representant for den største gruppen arbeidstagere i avdelingen, og er ofte en helsefagarbeider. RP har ansvar for å sette opp agenda for fagmøtet sammen med avdelingssykepleier/leder, sørge for at møtestrukturen i fagmøtet følges, at alle pleierne får mulighet til å delta i diskusjonen og at det blir satt dato for evaluering av tiltak.

På fagmøtet analyserer og diskuterer pleierne ulike pleiesituasjoner, blir enige om personsentrerte tiltak som gjør omsorgen bedre for personen med demens, og drøfter hva de kan gjøre for at personen med demens skal oppleve dagene som gode og meningsfulle. I hvert fagmøte konsentrerer pleierne seg alltid om én situasjon eller én pasient. Funksjonen som primærkontakt er sentral i VPM. Primærkontakten er talsperson for personen med demens; i fagmøtet presenterer primærkontakten situasjonen som skal diskuteres ut fra perspektivet til personen med demens. For å gjøre det, må primærkontakten på forhånd ha satt seg grundig inn i situasjonen, gjennom å samtale med pasient og pårørende, kartlegge og samle inn informasjon på andre måter. Avdelingsleder skal alltid være tilstede i fagmøtet for

å gi legitimitet og autoritet til møtet. Ved behov kan også lege, ergoterapeut, fysioterapeut eller andre faggrupper delta.

Basis- og introduksjonskurs

Før man implementerer VPM i en avdeling, skal de som har roller og funksjoner i praksismodellen på arbeidstedet, delta på et basiskurs. Det er et to dagers kurs som holdes av sertifiserte kursholdere. For å implementere VPM må lederen for virksomheten, lederen på den enkelte avdeling og minst en representant fra den største yrkesgruppa i hver enhet delta på basiskurset. I tillegg skal de i personalgruppa som ikke har deltatt på basiskurset, få en tre-timers introduksjon i personsentrert omsorg og VPM. Denne introduksjonen inkluderer alle ansatte, fra fast ansatte til vikarer, vaktmester og kjøkkenpersonale.

Studier / forskning

Det er gjennomført en effektstudie av VPM som viste reduksjon av nevropsykiatriske symptomer og depresjon hos personer med demens sammenlignet med en kontrollgruppe som ikke brukte VPM (6). Erfaring viser at å bruke VPM i tillegg er positivt for arbeidsmiljøet, og gjør at personalet arbeider mer fagbasert (7).

Kvæfjord kommune

Kvæfjord kommune har i samarbeid med USHT Troms startet utprøving av VPM på sykehjem, hjemmetjeneste og PU-tjenesten. VPM vurderes som egnet for å øke personalgruppens kompetanse, muligheter og forståelse for den enkelte person med demens og demenslignende utfordringer. I tillegg framheves den systematiske tilnærmingen i VPM som tilfredsstillende med tanke på lovpålagte krav.

Referanser:

1. Nasjonal faglig retningslinje om demens – helsedirektoratet 2017
 2. J. Røsvik, M. Mjørud: Vips-manualen for ledere Personsentrert ledelse – fra visjon til praksis Aldring og helse 2017
 3. Kitwood T, Johnsen N. (1999) En revurdering af demens: personen kommer i første række. Frederikshavn: Dafolo
 4. Brooker, Dawn (2007): Person-centred dementia care / Personsentrert demensomsorg – veien til bedre tjenester (Aldring og helse 2013)
 5. Røsvik, J., Kirkevold, M., Engedal, K., (2011) A model for using the VIPS framework for person-centred care for persons with dementia in nursing homes: A qualitative evaluative study. International Journal of Older People Nursing 2011; Volum 6 s. 227-236
 6. Røsvik, J., Brooker, D., Mjørud, M., Kirkevold, Ø. (2013). What is person-centred care in dementia? Clinical reviews into practice: the development of the VIPS practice model. Reviews in Clinical Gerontology 2013; Volum 23. s. 155-163
 7. Røsvik, J., Mjørud, M., Rokstad AMM., Munch, M., & Røen, I. (2016). Implementering av personsentrert omsorg. Fire metoder som utfyller hverandre: VIPS praksismodell, Dementia Care Mapping, Marte Meo og Planverktøy i demensomsorgen. Forlaget Aldring og helse. Tønsberg
- <https://www.aldringoghelse.no/demens/personsentrert-omsorg/vips-praksismodell/>



Illustrasjonsbilde av fagmøtet.

Fotograf E. Sausjord



Astrid Gramstad, førsteamanuensis/forsker, Senter for omsorgsforskning, nord, UiT Norges arktiske universitet.
Bodil H. Blix, førsteamanuensis, Senter for omsorgsforskning, nord, UiT Norges arktiske universitet.



Professor emerita Torunn Hamran.

Fotograf: Bjørn Kvaal

Fagleg symposium for Professor emerita Torunn Hamran

Professor Torunn Hamran, UiT Norges arktiske universitet, gjekk av med pensjon og vart professor emerita ved årsskiftet. Dette vart markert med eit fagleg symposium arrangert av fagmiljøet ved Senter for omsorgsforskning, nord og master i helsefag, UiT.

Torunn har vore tilsett ved Høgskulen i Tromsø / UiT Noregs arktiske universitet sidan 1991, og som professor i helsefag sidan 2007. Ho har vore sentral i etablering og utvikling av fagmiljø, som til dømes Senter for omsorgsforskning, og master- og PhD-utdanning i helsefag på lokalt, nasjonalt, og internasjonalt nivå. Hennes forskningsinteresser spenner mellom helsepolitikk, kunnskapsformer, pleiekultur, etnisitet, historie og metodologi.

Sidan Torunn Hamran har hatt mange gode og spennande samarbeidsprosjekt, kunne arrangements-

komiteen plukke føredragshaldarar frå øvste hylle. Professor Lise Hounsgaard, Syddansk universitet, starta symposiet med å karakterisere Torunn som ei ledestjerne innan arktisk omsorgsforskning, før ho fortalte om utfordringar og helseforskning på Grønland. Professor Ingunn Elstad, UiT, heldt deretter eit innlegg basert på si nyaste forskning om sanitetsforeiningane sitt arbeid under tvangsevakueringa av Finnmark, hausten 1944. PhD-stipendiat Marianne Eliassen, UiT, presenterte den nasjonale forskarskulen for dei kommunale helse- og omsorgstenestene, som Torunn var har vore med på å etablere. Professor Herdis Alvsvåg, VID

vitenskapelige høgskole, løfta fram behovet for å anerkjenne fagleg skjønn i sjukepleie, og førsteamanuensis Siri Moe, UiT, delte erfaringar frå forskningssamarbeid med Torunn knytt opp til kommunehelsetenesta. Førsteamanuensar og medlem i arrangementskomiteen, Bodil H. Blix og Astrid Gramstad, UiT, reflekterte over moderne PhD-utdanning og -rettleiing i lys av egne erfaringar med Torunn som rettleiing. Professor og instituttleiar Nina Emaus, UiT, avslutta med å takke Torunn for hennar gode innsats og kyndige arbeid gjennom mange år. Særleg trakk Emaus fram Torunn sin vilje til fagleg fornying og utvikling. Dette var eit moment hovudpersonen sjølv óg trakk fram då ho, på slutten av dagen, fekk høve til å seie nokre ord. Torunn skildra akademisk verksemd som det å heile tida bevege seg ut over felte ein allereie kjenner. Dagen vart elles ramma fint inn av musikalske bidrag frå Tromsø Byorkester.

Torunn Hamran er eit førebilete for mange tidlegare studentar og kollegaer, lokalt og nasjonalt, men også internasjonalt. Programmet for symposiet var som Torunn si akademiske verksemd; mangfoldig, men også indre konsistent.

Torunn Hamran held fram si forskningsverksemd ved UiT som Professor emerita. Ho er prosjektleiar for forskingsprosjektet «Offentlig demensomsorg. Likheter og ulikheter i bruk av kommunale helse- og omsorgstjenester i områder med samisk og norsk bosetting». Dette prosjektet vil avsluttast med ein konferanse våren 2019. Til denne konferansen vil alle som har medverka til prosjektet bli særskilt invitert. Hovudmålsettinga for konferansen er å synleggjere resultatane frå prosjektet for dei som på ulike vis er involvert i offentlig demensomsorg, som frivillige, tilsette i helse- og omsorgstenestene, politikarar og forskarar.



Førsteamanuensar Astrid Gramstad og Bodil H. Blix

Fotograf: A. S. Fottland

Dokumentasjon av helsehjelp – hvor står vi i Norge? Velkommen til konferansen 23.-24. april 2018 i Tromsø

En forutsetning for gode pasientforløp er at all helsehjelp til den enkelte pasient dokumenteres og defineres i pasientens ene elektroniske journal. Denne skal være et verktøy for helsepersonellet i all oppfølging av pasienten. Nødvendig informasjon skal formidles via journalen mellom aktuelle samarbeidspartnere.

Utfordringer knyttet til dokumentasjon av helsehjelp i pasientens elektroniske journal er sammensatt. Ulike elektroniske journalsystemer, mangelfull struktur i journalsystemene samt manglende kompetanse og intern kultur i bruk av eksisterende journalsystem, er til hinder for å sikre oppfølging av nødvendig helsehjelp til den enkelte pasient til rett tid.

På konferansen oppsummeres essensen av funnene i prosjektet DokHelse Troms og det fokuseres på utfordringer og løsninger. Vi får også presentert arbeid som pågår nasjonalt.

Målgruppe: ledere, helsepersonell og andre interesserte **Forelesere** fra E-helsedirektoratet, NSF avdeling E-helse, KomUt og UNN, jurist hos Pasient- og brukerombudet, praksisfeltet og USHT Troms.

Les mer om konferansen og meld deg på her: <http://ks.event123.no/usht2018/>

Påmeldingsfrist 23. mars 2018

Fagnytt i nord



Foto: T. Bülow.

Kontaktpersoner

Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT) Troms

Toril Bülow

Leder USHT Troms
Toril.bulow@tromso.kommune.no
Tlf 48034599

Elisabet Sausjord

Fagsykepleier USHT Troms
Elisabet.sausjord@tromso.kommune.no
Tlf 45638074

Kirsti Hagen

Fagsykepleier USHT Troms
Kirsti.hagen@tromso.kommune.no
Tlf 90114969

May Iren Bendiksen

Fagsykepleier USHT Troms
May.iren.bendiksen@tromso.kommune.no
Tlf 90732983

Kine Nordmo-Stykket

Prosjektleder USHT Troms
Kine.nordmo.stykket@tromso.kommune.no
Tlf 90524507

Karl Johan Olsen

Prosjektleder USHT Troms
Karl.olsen@dyroy.kommune.no
Tlf 91535349

Trond Brattland

Avdelingsdirektør Helse og omsorg i Tromsø kommune
Trond.brattland@tromso.kommune.no
Tlf 99235534

Senter for Omsorgsforskning

Cathrine Arntzen

Faglig leder
cathrine.arntzen@uit.no
Tlf. 77 64 48 58

Anne Serine Fottland

Daglig leder
anne.serine.fottland@uit.no
Tlf. 77 64 57 18

Senter for omsorgsforskning:
www.uit.no/helsefak/sof

Redaksjonen

anne.serine.fottland@uit.no
usht@tromso.kommune.no



Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester
Troms
Buhcciidruovttuid ja ruoktabálvalusaid
ovddidanguovddás
Romssa



Senter for
omsorgsforskning
- nord

Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester:
<http://www.tromso.kommune.no/usht-troms>
www.utviklingscenter.no

Utvikling gjennom kunnskap